



Referat styremøte 27.02.24

Tid: 18:00-20:30

Sted: Teams

Deltakarane: Sivert Helland, Turid Sættem Eggen (tom. sak 37/02.24), Tove Hundseth (tom munnlege orienteringar), Bård Andreassen, Svein Dalen, Astrid Nerhus Dale, Beatrice Bjørkedal, Ole Mathias Risvik, Kurt Olav Sundsøy (vara for Reidar Strand), Gunn Olsen (vara for Christina Bjerknes), Per Gunnar Vidhammer (vara for Allan Nogva), Therese Rødal, Oddbjørn Junge.

Forfall: Allan Nogva, Randulf Tverfjell, Reidar Strand, Christina Bjerknes,

Frå administrasjonen: Monica Malmedal (tom. sak 29/02.24), Kristian Kallmyr Lerheim

Sak 26/02.24 Godkjenne innkalling

Vedtak:

Styret godkjenner innkallinga

Sak 27/02.24 Godkjenning av referat frå styremøte 13.02.24

Referat frå styremøte 13.02.24 leggst frem til godkjenning av styret

Vedtak:

Styret godkjenner det framlagte referatet.

Munnlege orienteringar:

- Medlemsstatistikk
- Info frå kvinnekontaktsamlinga
- Info frå parteringskurs og grunnkurs hund
- Info frå lokalforeiningane sine årsmøter så langt
- Økonomi
- Aktivitetar/status årshjul utval
- Midlar og tilskot
- Regionleiar-møte 21.02.24
- Generalforsamling Jakt og Fiskesenteret 22.02.24

Sak 28/02.24 Profileringsklede tillitsvalte

Utan vidare informasjon går Regionleiar utifrå at dette er ei vidareføring av vedtaket i Sak 42/05.23:

«Regionslaget gjekk tidlegare til innkjøp av profileringsklær til tillitsvalte og instruktørar. Dette bestod

av ei ytterjakke, ei finskjorte og ei piqueskjorte der kvar enkelt betalte ein eigenandel på 500kr.

Denne pakken var meint som å gi god reklame når vi er ute i felt, samstundes som vi ser staselege ut ved finare anledningar som årsmøter, seminar etc.

Styret må ta til vurdering om det er ønskeleg å tilby denne pakken til dei nye instruktørane og tillitsvalte, og kven som skal ha ansvar for å samle inn bestillingar, størrelsar, type jakke etc.»

Vedtak:

«Styret ønsker at alle nye tillitsvalgte og instruktørar skal få tilbod om profileringsklær, der ein sjølv kan velge om ein berre vil få finskjorte og piqueskjorte eller betale 500kr i eigenandel for også å få ytterjakke. Størrelsar og modellnamn vert sendt til Regionsekretær i første omgang.»



Ettersom denne saka igjen er ønska diskutert så er det slik å forstå at ingen tillitsvalte eller instruktørar har sendt noko førespurnad til Regionsekretær. Utifrå eigen hukommelse så vart kostnaden per person ca 1500-2000kr avhengig av kva jakke som vart valt, for dei som ønskte jakke. Noko større innkjøp av profileringsklær vart det ikkje tatt høgde for i budsjettet for 2024 som styret nettopp vedtok, derfor foreslå Regionleiar at dette vert spelt inn som endringsforslag under årsmøtet om det framleis skulle vere ønskeleg med profileringsklær.

Vedtak:

Styret setter av årleg kr 20.000 i budsjettet til profileringsklede for nye tillitsvalte. Ref. vedtak 42/05.23.

Sak 29/02.24 Profileringsklede til landsmøtedelegater

I November skal Landsmøtet 2024 gjennomførast og utifrå tidlegare erfaringar så brukar delegatane frå Regionlaga å stille i profileringsklede som viser kvar dei høyrer til. Dette bidreg også til at vi fram står som langt meir saklege og organiserte. Typiske klede er pique-skjorte, finskjorte og/eller ytterjakke.

Ein slik kostnad vart ikkje tatt høgde for i budsjettet for 2024 som styret nyleg vedtok, derfor foreslå Regionleiar at dersom det skulle vere ønskeleg at vi går til anskaffing av profileringsklede til landsmøtedelegatane våre, så må det spelast inn som eit endringsforslag under årsmøtet.

Regionssekretæren presiserte under behandlingen at det er satt av midler under post 6855-Landsmøtet til profileringsklede.

Vedtak:

Styret tar informasjonen fra regionssekretæren til orientering.

Sak 30/02.24 Arbeidsmøte Økonomi

Styret bestemte i Sak 09/01.24: «... Styret vedtok difor eit arbeidsmøte i etterkant av årsmøte for ei grundig gjennomgang av driftskostnader sett opp mot driftsinntekter og moglege andre inntektskjelder, for å sikre ein sunnare og betre økonomi som grunnlag for drift av regionlaget framover.»

Årsmøtet nærmar seg og styret bes derfor kome med forslag om dato og tidspunkt for gjennomføring av dette økonomi-møtet. Det kan forventast at møtet vil ta noko tid, så styret bør vurdere eit dagsmøte på helg for å komme i mål samt unngå unødige høge kostadar.

Vedtak:

Dato ble satt til 13. april, foreslått tidspunkt 10-18 på Skaret.
Adm. i samarbeid leier og nestleiar får fastsette detaljene.

Sak 31/02.24 Landsmøtesak - Stoviltprøve

Ref. Vedtaket i Sak 16/02.24: «Styret hadde fleire gode innspel til forbetring av saksframlegget. Jaktutvalet arbeidar vidare med saksframlegget til neste styremøte 27.02.»
Jaktutvalet legg fram sitt reviderte forslag til landsmøtesak for diskusjon i styret.

Vedtak:

Svein og Turid kvalitetssikrar forslaget med Line Johansen (NJFF). Ref og innspel frå Sivert. Det



foreløpig forslaget leggest fram for regionsårsmøtet. Etter årsmøtet vil jaktutvalet utarbeide den endelige presentasjonen

Sak 32/02.24 Kandidat til Forbundsstyret

Regionlaget har anledning til å legge fram forslag om kandidatar til Forbundsstyret. Ni kandidatar skal fastsettast og forslag med CV må sendast til valkomitéen innan 15.april. Det er godt påpeikt at det er lenge sidan NJFF Møre og Romsdal har hatt eit medlem i Forbundsstyret, så styret bes derfor vurdere aktuelle kandidatar og kome med forslag på desse. Kandidatar bør også fysisk vere til stades på Landsmøtet då det har visst seg at å få eit ansikt på kandidaten er av vesentleg betydning.

Vedtak:

Det arbeidast framleis med å finne kandidatar frå M&R. Styret oppfordrar foreiningane å kome med forslag. Dei må leverast, saman med CV, seinast til styremøte 9. april, sia fristen for innspel til valkomiteen i NJFF er 15. april.

Sak 33/02.24 Landsmøtesak – Støtte til friluftveileidar etc.

Ref. Landsmøtesak 9-1b, Landsmøtet 2009, ble følgende vedtatt;
«Det sentrale tilskuddet på kr 50.000,- til ansettelsesforhold i fylkene rettet mot barne- og ungdomsvirksomhet, videreføres. Opprettholdelse av tilskuddet fordrer at det sentrale tilskuddet blir finansiert gjennom tilskuddsmidler»

I 2020 var tilskuddet kr. 32.202

I 2021 var tilskuddet kr. 18.182

I 2022 ble tilskuddet avvirket, der de brukte forbeholdet i vedtaket som begrunnelse («Opprettholdelse av tilskuddet fordrer at det sentrale tilskuddet blir finansiert gjennom tilskuddsmidler»)

Opplysningar frå Regionsekretær:

Sentralledet meinte dei ikkje fikk nok midler frå MD til å fortsette finansiere tilskotet, uten at vi har fått nokon dokumentasjon på dette.

Ei anna grunngeving (kun munnleg fra Beate), var at 2021-landsmøtets beslutning om ny kontingentfordeling vil gje regionlaga betydeleg meir midlar enn tidligare, og gje oss økt handlingsrom, slik at vi f.eks. kan bruke kontingenten til å dekke kostnader tilknyttet Friluftveileider/ansatte. Økt kontingentandel får alle regionlag, uavhengig av antall ansatte, så det er ikkje eit godt nok argument i seg sjølv.

Tilleggsinformasjon frå Regionleiar:

Ikkje alle regionlag fikk auka kontingentsats etter den nye kontingentfordelinga i 2021. NJFF Møre og Romsdal fikk eit kraftig hopp då vi generelt sett hadde låg kontingentandel i utgangspunktet, men ettersom den nye fordelinga baserte seg på dei regionlaga som hadde høgast kontingentandel så vart den dermed uendra for deira del. Derfor vil det absolutt vere relevant å få kartlagt kva regionlag som har friluftveileidar eller tilsvarande, i kva grad dei er med på å fremje interessene til NJFF og kva kostnad desse medfører for regionlaga. Det kan av og til virke som sentralledet gløymer det viktigaste arbeide vi gjer, nemleg å fronte NJFF sine verdiar blant allmennheita og ikkje minst i grasrota.



Vedtak:

Styret ber regionssekretæren luften saka i første regionssekretærmøte, for å finne fram til eit felles forslag for vidare handsaming med mål om å fremje ei landsmøtesak.

Sak 34/02.24 Landsmøtesak – Stedfortredar med stemmerett til RS

I samsvar med vedtektene for Representantskapet så er det kun Regionleiar, eller nestleiar som vara ved forfall, som har stemmerett under saker som krev vedtak. Skulle ingen av desse kunne delta kan Regionlaget sende ein anna representant, men då berre med talerett.

Utifrå tilbakemeldingar og erfaringar er det alltid ønskeleg med størst mogleg representasjon under Representantskapmøta. Styret bes derfor vurdere i kva grad det er ønskeleg å stille spørsmålet om det burde gå ann å gi stemmerett til andre i styret dersom leiar eller nestleiar ikkje kan delta, eller kor vidt dette bør spelast inn som vedtektsendring på Landsmøtet.

Vedtak:

Styret ønsker å spele inn forslag til vedtektsendring, kor stedfortredar for leiar og nestleiar har både tale- og stemmerett i RS.

I første omgang leggest dette fram for diskusjon med dei andre regionsleiarane.

Sak 35/02.24 Deltaking på Kvinnekonferansen

Kvinnekonferansen 2024 vert arrangert 19.-21. april på Clarion Collection Hotel Astoria på Hamar. NJFF dekkjer opphald for éin deltakar, der Regionlaget må dekke reisekostnader. For deltakar nummer to vil det koste kr 4000 samt reisekostnader. Det er allereie motteke tilbakemelding om at Christina og Gunn ønsker å delta. Regionssekretær har kome fram til at det vil koste Regionlaget rundt kr 14.000 for å sende to stk på konferansen - reise 2 stk.: 2 flybillettar, tog t/r Hamar, reise t/r heim - flyplass, parkering flyplass + opphald for 1 for konferansen.

Ettersom påmeldingsfristen er 1.mars er det ønskeleg at dette vert vurdert av styret etter vedtak om deltaking på kurs/konferansar.

Vedtak:

Styret ønsker så sende to deltakarar til Kvinnekonferansen.

Sak 36/02.24 Resolusjon - Fiskeoppdrett

Sentralleddet har sendt oss forslag til ein resolusjon om Fiskeoppdrett som Regionlaget kan legge fram for årsmøtet. Resolusjon er lagt ved i innkallinga.

Vedtak:

Styret støtter resolusjonsforslaget og legg det fram for regionsårsmøtet for vedtak.

Sak 37/02.24 Resolusjon - Skytebane

Sentralleddet har sendt oss forslag til ein resolusjon om Skytebaner som Regionlaget kan legge fram for årsmøtet. Resolusjon er lagt ved i innkallinga.

Vedtak:



Styret støtter resolusjonsforslaget og legg det fram for regionsårsmøtet for vedtak. Regionssekretæren må finne fram dei tala som manglar.

Sak 38/02.24 Godkjenning av årsmeldingar

Ref: Sak 30/03.23 Årsmeldingar for utval og administrasjon: *Styret legger inn «Godkjenning av årsmeldingar» som ein fast post på siste styremøte før årsmøtepapira skal utsendast.*

I samsvar med tidlegare vedtak rundt Årsmeldingar samt vedtak i Sak 19/02.24 kan det forventast at årsmeldingane som er innsendt er klare for godkjenning under komande møte: *Utvalsårsmeldingane må sendes regionsekretær seinast innan 20.02. Dei årsmeldingane som ikkje er komen til da, vil ikkje bli med i regionens årsmelding.*

Årsmeldingane frå utval og administrasjon leggst fram til godkjenning for styret.

Vedtak:

Styret godkjenner dei mottatte årsmeldingane frå utvala og regionsleiar. Adm sender ut si årsmelding når den er klar.

Sak 39/02.24 Revisors beretning.

Vedtak:

Styret tok beretninga til etterretning.

Eventuelt:

Neste styremøte er fastsatt til fredag 15.3.24, i forkant av TV-samling og regionsårsmøte. Er det behov for dette?

Vedtak: Regionssekretær vurderer behovet i samarbeid med leiar og nestleiar.

Møte slutt kl 20:40
Bård Andreassen
Referent